

Saksbehandlar: Jon Tvilde, Plan og samfunn  
Sak nr.: 21/3244-1

## **Kulturpris Sogndal kommune - utarbeiding av retningslinjer**

### **Kommunalsjefen rår komité for samfunnsutvikling til å gjere slikt vedtak:**

1. Komité for samfunnsutvikling set ned eit utval med to medlemmer frå komiteen og eit medlem frå kulturrådet. Utvalet skal utarbeide framlegg til retningslinjer for ein kulturpris. Arbeidet må vera slutført innan 10. september for ny handsaming i komiteen 28. september, og med endeleg avgjerd i kommunestyret 28. oktober.
2. Frå komiteen vert desse to vald:.....
3. Kulturrådet vert spurt om å koma med framlegg til prosess for å få utarbeida ein kunstnarleg utforma pris og diplom.

### **Vedlegg:**

Vedtekter Balestrandprisen  
Retningslinjer for kulturpris Sogndal  
Vedtekter Leikangerprisen

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

#### Grunnen for at saka er fremja

Ny kommune har ikkje utarbeidd retningslinjer for kulturpris. Saka omhandlar vidare prosess i saka.

#### Historikk - tidlegare vedtak

Dei tre gamle kommunane hadde alle prisar i ein eller anna form(sjå vedlegg). Sogndal delte ut ein rein kulturpris. Balestrandprisen femna breiare, og hadde som føremål å fokusere på positive tiltak innan bygningsmiljø/hagemiljø, næring, nyetablering, kultur, kulturarv, frivillig arbeid m.m. Leikangerprisen var ein kommunepris til verdfullt og framragande arbeid innan det frivillige lags- og organisasjonslivet, eller innan arbeidsliv/tiltaksarbeid i kommunen.

I 2020 år valde formannskapet å dele ut ein rein kulturpris. Eit utval med to medlemmer frå formannskapet, Trude Risnes og Svein Jarle Slinde, og leiar i kulturrådet, Christoffer Knagenhjelm, førebudde saka. Sogndal kommune sin fyrste kulturpris gjekk til Geir Hjetland. I grunngjevinga heiter det m.a.:

«Det første spørsmålet komiteen stilte seg var; skal utmerkinga heite Sogndals-prisen, kulturprisen eller utviklingsprisen? Komiteen har konkludert med at kommunen skal dele ut ein kulturpris. Dette fordi den nye kommune har klare ambisjonar om å vere ein kulturkommune. Ved å gje Sogndal kommune sin kulturpris 2020 til ein utøvande profesjonell kunstnar, ønskjer vi å løfte fram ambisjonane våre som kulturkommune og slik tru at anerkjenninga dette gjev er med å inspirere til kunst og kultur i kommunen.

Komiteen og kulturrådet er oppteken av at sjølv prisen skal vera ei kunstnarleg arbeid, laga av ein lokal kunstnar. Det har vi ordna. Etter kvart vil vi òg få utforma eit diplom i tillegg.»

### Sentrale problemstillingar

Med desse føringane til grunn vert det tilrådd å utarbeide retningslinjer for ein kulturpris. Prosess for å få utarbeida ein kunstnarleg utforma pris og diplom, slik den nemnde komiteen og kulturrådet tilrådde, må òg koma i gang. Dette spørsmålet ber ein kulturrådet arbeide med. Kulturrådet vil drøfte saka 7. juni.

Komité for samfunnsutvikling vert invitert til å avklare vidare prosess, etter desse alternativa:

- ✓ setje ned eit utval for å utarbeide framlegg til retningslinjer
- ✓ be administrasjonen lage eit framlegg

Når dette arbeidet er gjennomført, kjem saka attende til komiteen før endeleg vedtak i kommunestyret.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

Eitt alternativ er å ha eitt breiare tema for prisen, slik både Balestrand og Leikanger hadde. Dette spørsmålet må komiteen ta stilling til. Ev. kan komiteen vurdere å ha fleire prisar. I eit slik tilfelle må vedtaket endrast.

### Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Det vil koste noko å gjennomføre val av kven som skal lage prisen og diplom, ev. etter ein konkurranse. Sjølv produksjonen vil naturlegvis òg koste noko. Dette må kommunalsjefen få koma attende til.

### Rettslege konsekvensar

Det bør vera slik at dei kunstnarane som ynskjer det, må få koma med framlegg til pris og diplom. Då er ein form for open konkurranse ein framgangsmåte.

## **3. Konklusjon**

Å dele ut ein kommunal kulturpris er ein fin måte å setje pris på og spele saman med frivillige som gjer ein stor innsats i kommunen. Slike prisar har også lang tradisjon i dei gamle kommunane og bør få ein fast form også i nye Sogndal kommune. Arbeidet bør vere vere ferdig tidleg haust i 2021 slik at kommunen kan dele ut ein ny pris for 2021 etter desse vedtektene.